

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 20.01.2020  
**SAKSHANDSAMAR:** **Kent E. Wangsvik**  
**SAKA GJELD:** **Budsjett 2020 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

**ARKIVSAK:** 2020/97  
**STYRESAK:** 014/20

**STYREMØTE:** 05.02.2020

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtar budsjett 2020 for administrasjonen til Helse Vest RHF.
2. Styret vedtar budsjett 2020 for internrevisjonen i Helse Vest RHF.

## Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjett for 2020 blir lagt fram innan den kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 013/2020 Konsernbudsjett 2020.

### Fakta

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 013/2020 Konsernbudsjett 2020, inntektsramme for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for RHF administrasjonen på kr 140,7 mill. inkl. lønns- og rekneskapscenteret (LRS).

### Kommentarar

Administrerande direktør tilrår budsjettamma i tabellen under for 2020:

Administrasjon	Beløp
Administrasjonsbudsjett 2019	130 621
Deflatorjustering	3 396
Administrasjonsbudsjett 2020	134 017
Effekt av nye årsverk	6 721
Administrasjonsbudsjett 2020 inkl. nye årsverk	140 738

### Lønns- og personalkostnader

Helse Vest administrasjonen foreslår å auke nivået på tal årsverk i 2020 med 9,2 nye årsverk, til 71,2 årsverk. Det er i budsjettamma 2020 tatt høgde for at vekst i nye årsverk ikkje vil få full kostnads messig effekt for 2020. For 2020 inneber dette ei auke på kr 6,7 mill., medan heilårseffekten av desse endringane utgjør kr 11,2 mill.

Dei nye årsverka er retta mot følgande område:

#### Økonomi- og Finansavdelinga

Økonomi- og Finansavdelinga starta ein omorganisering for å betre ivareta hovudprosessane som er retta inn mot inntektsområdet, økonomistyring, rekneskap, finansiering og LIBRA med innkjøp, logistikk og systemansvar. Omorganiseringa og styrkinga av avdelinga førar med seg ei netto auke av bemanninga på 6 årsverk.

#### Sekretariatet

Er styrka med 1 årsverk for å møte auka oppgåver knytt til brukarmedverknad. I tillegg er det ein lærling avtale, der deler av kostnaden blir refundert.

#### Fagavdelinga

Er styrka med ytterlegare eit årsverk som assisterande fagdirektør. I tillegg er det oppretta ein senior avtale slik at ramma er auka med netto 1,2 årsverk.

I løpet av 2020 vil noverande administrerande direktør gå over i ei ny rolle i Helse Vest RHF, i tråd med inngått avtale. Det er tatt høgde for eit årsverk for å ivareta denne rolla.

Til samanlikning er det vist årsverk i dei andre regionane i tabellen under.

Årsverk i dei regionale helseføretaka	Budsjetterte årsverk 2020
Helse Nord RHF	72
Helse Midt RHF	75
Helse Sør-Øst RHF	197
Helse Vest RHF	71,2 *eksl. LRS

### Andre driftskostnader

Driftskostnadane er i hovudsak prisjustert og vidareført frå budsjett 2019 nivå.

### Regionale fellesløysingar

I budsjettet blir det tatt høgde for at ei rekke regionale fellesløysingar blir dekkja under budsjettet for reservar, fellestenester og finans, medan administrasjonsbudsjettet kjem i tillegg. Dette gjeld mellom anna midlar til:

- Regional datavarehussatsing
- Regional analysefunksjon
- Regional pasientreisekoordinator
- Tenester frå Sykehusinnkjøp HF
- Oppdragsavtale for H-resept HELFO

### Prosjektmidlar

Det er i tillegg til administrasjonsbudsjettet budsjettert med kr 56,2 mill. til ulike regionale prosjekt.

### Internrevisjonen

I instruks for revisjonsutvalet heiter det under punkt "5. Rapportering til styret" at: "Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram Budsjett og plan for internrevisjon, til behandling"

Revisjonsutvalet vil behandle sitt budsjett i møtet den 04.02.2020 og det blir lagt fram forslag til følgjande vedtak: «Revisjonsutvalet sluttar seg til forslaget til budsjett, og til at dette blir å behandle vidare i samla sak om budsjettet for RHF-et. Revisjonsutvalet ber om at styret i saka blir gjort merksam på utvalet si innstilling.»

### Vedlegg

1. Budsjett for administrasjonen 2020 samanlikna med 2019
2. Budsjett for internrevisjonen 2020 samanlikna med 2019
3. Årsverk for Helse Vest RHF 2020 samanlikna med 2019

## Vedlegg 1 - Budsjett for administrasjonen 2020 samanlikna med 2019

Konto- gruppe	Kontogruppenavn	SUM 2020	SUM 2019	Prosenvis ending
3	Salgs- og driftsinntekter	147 888	137 576	7,50 %
30	Salgsinntekt, avgiftspliktig	3 400	3 300	3,03 %
31	Salgsinntekt, avgiftsfri	3 750	3 655	2,60 %
33	Pasient-/behandlingsrelaterte tilskudd/ refusjoner	140 738	130 621	7,75 %
5	Lønnskostnad	-100 203	-91 114	9,98 %
50	Lønn til ansatte	-70 738	-64 063	10,42 %
51	Lønn til ansatte	-58	-57	1,75 %
52	Fordel i arbeidsforhold	-5	-5	0,00 %
53	Annen oppgavepliktig godtgjørelse	-2 277	-2 219	2,61 %
54	Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	-24 082	-21 806	10,44 %
56	Kompetanse og rekruttering	-1 270	-1 239	2,50 %
59	Annen personalkostnad	-1 772	-1 726	2,67 %
6	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	-39 390	-38 619	2,00 %
60	Av- og nedskrivning	-1 464	-1 428	2,52 %
63	Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	-7 547	-7 355	2,61 %
64	Leie mtu, maskiner, inventar o.l.	-338	-329	2,74 %
65	Utstyr og driftsmaterialer som ikke skal balanseføres	-536	-523	2,49 %
66	Reparasjon, vedlikehold og service	-48	-47	2,13 %
67	Eksterne tjenester	-26 922	-26 466	1,72 %
68	Kontorkostnad, trykksak o.l.	-1 752	-1 707	2,64 %
69	Telefon, porto o.l.	-783	-764	2,49 %
7	Annen driftskostnad av-og nedskrivning , forsettel	-8 295	-7 842	5,78 %
71	Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	-6 556	-6 147	6,65 %
73	Salgs- og reklamekostnad	-314	-306	2,61 %
74	Kontingent og gaver	-382	-372	2,69 %
75	Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	-523	-510	2,55 %
76	Lisens -og patentkostnad	-520	-507	2,56 %

## Vedlegg 2 - Budsjett for internrevisjonen 2018 samanlikna med 2019

Budsjett Internrevisjonen 2020 vs 2019			
Konto navn	2020	2019	Endring
<b>Lønnskostnad</b>	<b>3 686</b>	<b>3 571</b>	<b>3,2 %</b>
Fast lønn	2 466	2 389	3,2 %
Feriepenger kontogruppe 50	296	287	3,1 %
Arbeidsgiveravgift	348	337	3,3 %
Arbeidsgiveravgift av påløpne feriepenger	42	40	5,0 %
Beregnet pensjonspremie KLP	469	454	3,3 %
Arbeidsgiveravgift av pensjonskostnad	66	64	3,1 %
<b>Annen driftskostnad, av- og nedskrivning</b>	<b>3 447</b>	<b>3 359</b>	<b>2,6 %</b>
Konsulenttjenester	3 417	3 330	2,6 %
Møtekostnader	30	29	3,4 %
<b>Annen driftskostnad av-og nedskrivning , forse</b>	<b>212</b>	<b>207</b>	<b>2,4 %</b>
Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	212	207	2,4 %
<b>Resultat</b>	<b>7 345</b>	<b>7 137</b>	<b>2,9 %</b>

### Vedlegg 3 - Årsverk for Helse Vest RHF 2020 samanlikna med 2019

Avdeling	Vedtatte årsverk 2019	Interne overføringer	Endringer årsverk	Sum årsverk 2020	Merknad
Kommunikasjonsavdeling	5		0	5	
Fagavdeling	13		1,2	14,2	
Sekretariat	7		1	8	<i>I tillegg er det ansatt 1 lærling</i>
Økonomi- og finans	3		-2	1	
Finans	0		4	4	
Inntekt	0		4	4	
Økonomistyring	5		-1	4	
Regnskap	0	1	3	4	
LIBRA	3		1	4	
Tidligere Innkjøps-team	1		-1	0	
Tidligere Analyse-team	5	-3	-2	0	
SUM Økonomi- og finansavdeling	17	-2	6	21	
Medarbeider, organisasjon og teknologiavdeling	7	3	0	10	
Eigaravdeling	8		0	8	
Administrerende direktør/	1			1	
Senior rådgiver til disp for styret			1	1	
Internrevisor	3		0	3	
<b>Sum stillingsramme Administrasjon</b>	<b>61</b>	<b>1</b>	<b>9,2</b>	<b>71,2</b>	
Lønns- og regnskapssenteret	11	-1		10	
<b>Sum stillingsramme Helse Vest RHF</b>	<b>72</b>	<b>0</b>	<b>9,2</b>	<b>81,2</b>	